

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Bergen HF
DATO:	17.10.2018
SAKSHANDSAMAR:	Svein Gjedrem
SAKA GJELD:	Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerende direktør for Helse Bergen HF
STYRESAK:	112/18 A
STYREMØTE:	31.10.2018

Forslag til vedtak:

Styret slutta seg til at sak 112/18 A vart handsama i lukka møte.

Evalueringa er gjennomført, og styreleiar Svein Gjedrem vil formidle evalueringa til administrerende direktør Eivind Hansen og Helse Vest RHF.

Oppsummering

Det er krav i protokoll frå føretaksmøtet at styret for Helse Vest RHF og styra for helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er også formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i RHF-et.

Fakta

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør, vart vedtatt i styremøte 22. juni 2012 – sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør skal bli utfylt elektronisk av alle styremedlemmene i forkant av styrebehandlinga, og oppsummeringa er sendt ut til styremedlemmene før møtet.

Kommentar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein viser til helseføretakslova § 26 a, 2. ledd. nr. 1 som mellom anna har til formål å gi moglegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.